
Første tur (Det er lauffallstid)

1) Det er lauffallstid og lognt i alle lundar, rogn og asal står med tunge, mogne bær, det er laurdagskveld, og guten går og stundar etter møte med den jenta han har kjær. Men han einar har fått Astrid under armen, og Vårherre veit kvar han tok modet frå, høgt og hastig dulpar hjarta inni barmen, så han tykkjer det må høyrast langt i frå.

2) Og han Einar hadde tenkt seg ut ein tale som han meinte at ho Astrid skulle få, men då talen skulle haldast gjekk det gale - miste tråden så det heile gjekk i stå. Kva skal så ein stakkars ordlaus arming gjere når han går der med ei jente, brydd og heit? Gudskjelov - ein kan då tale litt om veret, det har berga mang ein mann som kom i beit.

3) - Høyr kor sønnavinden syng iggjennom lia, kjenn, sa Einar, - det er meir enn varmt og mildt, og det finaste av alt er haustartida.
- Ja, det same tykkjer eg, sa Astrid stilt.
- Han vert varig, sa han Einar, - denne varmen, og ho Astrid svara ja og var så blid.
Og ho hengde seg litt fastare i armen, så han Einar miste mælet for ei tid.

4) Han vart kortare den vegen enn dei trudde, det er alltid slik når to går hand i hand. Snart så stod dei utfor huset der ho budde, og dei stogga attmed grinda litegrann, og han trykte vesle armen, og han kjende at ho Astrid, tenk, ho Astrid trykte att, men dessverre lyt nok allting ha ein ende, ho laut gå no, og så kviskra dei godnatt.

5) Og han Einar rusla heimatt mo åleine, så velsigna glad og lukkeleg og ør, for han gjekk og berre tenkte på den eine, kjende tyngda over armen sin som før.
- Ho er vakker, tenkte Einar, - utan like, så vedunderleg som nokor møy kan bli. Vert det same fine veret om ei veke, vil eg spørja om ho Astrid vil bli mi.

Forklaringer:

Attersteg, låste bytomsteg frå reinlender. Vi dansar 5 attersteg og 2 sviktar av neste. Jenta trør dei siste to sviktane på venstre for å kome på rett fot i brigdet. På "(Men han) Einar har fått Astrid under armen" dansar vi parvis inn i ringen på 2 små bytomfotsteg, snur så brått rundt mot kvarandre, tar saman med andre handa og dansar ut att på to små bytomfotsteg. Resten av verset dansar vi 2 attersteg og 4 sviktar av neste. Neste vers byrjar utan stopp. På dei versa som kjem etter byrjar ein på svikt 5-6 i attersteget.

Opplysninger:

Visa er dikta av Henrik Straumsheim (1893-1975) og trykt i diktsamlinga "Fjordlandet" i 1931.. Tonen er laga av armerikanaren Paul Dresser (1857-1906). Dansemåten er laga av Klara Semb, og stod først i NF II i 1948. Dansen står i boka Klara Semb: "Norske Folkedansar. Songdansar." (1985).